



STRYN KOMMUNE
Sentraladministrasjonen
Rådmannsavdelinga

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
2001001457-12/C52 //ANH

Dykkar ref.

Dato:
26.06.2002

**Fortid former framtid - Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk
- høyringsuttale.**

Eg viser til brevet Dykkar av 28.02.02.

Stryn formannskap handsama ovanfornemnde sak i møte 24.06.02 og gav uttale.
Vedlagt følgjer utskrift av formannskapet si møtebok, sak 88/02.

Med helsing,

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Anders Heggdal".

Anders Heggdal
kontorsjef
57 87 47 12

Kopi til skule- og kultursjefen, her.

Besøksadresse Tinggt. 16 Postboks 263 6781 STRYN	Telefon 57 87 47 00	Banksamband
Org.nr: 963 989 202	Telefaks: 57 87 47 19	Nordea 6557 05 02802 Sparebanken SFJ Stryn 3795 07 00239 Sparebanken SFJ Innvik 3770 07 00314
e-postadresse: postmottak.sen@stryn.kommune.no Heimeside: http://www.stryn.kommune.no		



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
SK 049/02	Skule- og kulturutval	18.06.2002
FO 088/02	Formannskapet	24.06.2002

Ref: 2001001457 -10 Ark. C52 -
Sakshandsamar: Myrtel Janne Thomassen

Fortid former framtid - Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk - Høyringsnotat

Presentasjon:

Kulturminneutvalet si utgjeiring NOU 2002: 1 *Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk* er sendt ut på høring. Høyringsfristen er sett til 28.juni 2002.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

NOU 2002:1 Fortid former framtid

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- NOU 2002:1 Fortid former framtid, vedlegg

Ikkje vedlagt:

- NOU 2002:1 Fortid former framtid
- Uttale frå Stryn kommune til Sogn og Fjordane fylkeskommune, ds.14.11.01

Saksopplysningar:

Våren 1998 tilrådde Stortinget at det vart sett ned eit offentleg utval som skulle greie ut for ein ny kulturminnepolitikk. Bakgrunn for dette var at stortingsfleirtalet la til grunn at dagens kulturminnepolitikk ikkje er tilstrekkeleg for å sikre vår felles kulturarv for komande generasjonar. Tiltrådinga vart følgd opp av Regjeringa Bondevik 1. Ved kongeleg resolusjon av 9.april vart kulturminneutvalet oppnemnt for å utgreie mål, strategiar og verkemiddel i kulturminnepolitikken.

I mandatet vart kulturminneutvalet bedt om å vurdere ei vidareutvikling av kulturminnepolitikken, med særleg vekt på å vidareutvikle perspektivet på kulturminne som

ein ressurs for samfunnet og som ein viktig del av ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.

Spørsmåla om eigaren si rolle og situasjon, om å styrke kommunane og organisasjonane si rolle i kulturminnearbeidet, samt å fremje nettverksbygging sto også sentralt i mandatet. Det vart lagt vekt på at kulturminnepolitikken bør utøvast i eit nært samarbeid mellom offentlege myndigheter og private interesser.

Utgreiinga er sendt ut på ei brei høyring til ulike miljø med ulik tilknyting til, og interesse i kulturminnefeltet. For at Miljødepartementet på best mogleg måte skal kunne nytte seg av tilbakemeldingane, ber dei om at høyringskommentarane følgjer ein disposisjon og at det vert referert til kapittel og underkapittel i utgreiinga.

Disposisjonen ser slik ut:

1. Utgreiinga sine mål, strategiar og innsatsområde som grunnlag for ein framtidssretta kulturminnepolitikk
2. Korleis leggje til rette for aktiv bruk og korleis tek ein vare på mangfaldet i kulturarven?
3. Kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for verdiskaping
4. Eigar og brukar si rolle og situasjon i kulturminnearbeidet
5. Partnarskap og samarbeid
6. Kompetanseoppbygging og utdanning
7. Mindretallet sin særmerknad
8. Kommuneprosjekt

I samband med utsending av høyringsnotatet, vart kommunane i Sogn og Fjordane invitert til eit møte med Miljøverndepartementet og Riksantikvaren i Førde 01.11.01. Frå Stryn kommune møtte plankonsulent og kulturkonsulent.

I etterkant av dette møte vart det sendt ei uttale frå Stryn kommune til Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kulturavdelinga, vedk. høyringsnotat frå Miljøverndepartementet.

Vurdering:

Kulturminnevern er eit viktig fagfelt, og delegering av mynde vil truleg føre til auka bevisstgjering i kommunar og lokalmiljø.

Kulturkonsulent, plankonsulent og miljøvernleiar i Stryn kommune har etter å ha gjennomgått NOU 2002:1 *Fortid former framtid* vurdert det tenleg å gje uttale på desse punkta:

1. Dei største moglegheitene for å auke bevisstgjeringa og auke interessa for kulturminnevern, er gjennom delegering av mynde og ved at staten finansierer meir av kostnadene ved funn/utgraving og registrering. Dei største truslane er lite ressursar, både fagleg og økonomisk.
2. Kulturminnepolitikk må bli ein del av kvardagen vår. Barn og unge må få høve til å oppleve, ta ansvar og lære om kulturminne/kulturarven vår, både i skulen og gjennom den kulturelle skulesekken.
3. Utvalet gjer framlegg om ein vesentleg styrking av dagens tilskotsordningar, etablering av kulturmingefond og særreglar i skatte- og avgiftssystemet for kulturminne og kulturmiljø. Dette er viktige tiltak som vi støttar utvalet i. Tilskotsordningar i samband med funn/utgraving/registrering er viktige for at kommunane skal få styrke sitt arbeid i høve kulturminnevern. Som døme kan vi nemne at Stryn kommune med 4 aktuelle utgravingar i samband med kommunale tiltak vil påføre kommunen ein kostnad på ca 700 000.
6. Stryn kommune er samd med utvalet si vurdering for behov av auka kompetanse/utdanning vedk. kulturminne og kulturmiljø. Det er behov for

- deltidsutdanning/etterutdanning for tilsette i kommunane med ansvar for fagområdet.
7. Mindretallet sin særmerknad i kapittel 15 er aktuell. Til dømes vert det peika på samansetninga av utvalet. Samansetninga av utvalet bør spegle både by og distrikt, kor medlemmane arbeider og kven dei representerer. Dessverre stadfestar NOU 2002:1 det vi no ser som ein trend, representasjon av medlemmar er svært sentralisert. Bygd/distrikt der ofte kulturminne/kulturmiljø ligg er ikkje representert. Mindretallet peikar og på dette med ressursbruken. Av vedlegg 5 kjem det fram at ein stadig større del av statlege ressursar går med til sentralforvaltninga og forvaltningsapparatet elles. Stryn kommune støttar mindretallet si vurdering i at dette er feil prioritering og at ressursane burde nyttast på vern av bygningar og anlegg o.l. Ein er og samd med mindretallet i at evaluering av kulturminneområdet slik tilstanden er i dag og med tilhøyrande utviklingstrekk burde vore gjennomført.
8. Stryn kommune er ikkje uvillig til å ta på seg nye oppgåver/ansvar, men føresetnaden må vere at det følgjer med nødvendige midlar og ressursar. Ved eit auka lokalt ansvar vil og forventningane til kulturminnearbeidet auke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skule- og kulturutvalet vedtek uttale til NOU 2002:1 *Fortid former framtid* slik det vert gjort greie for i vurderinga ovanfor.

Handsaming i Skule- og kulturutval 18.06.2002.

SK-049/02 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Handsaming i Formannskapet 24.06.2002.

FO-088/02 Vedtak:

Skule- og kulturutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.

Anders Heggdal
- sekr.-

Utskrift sendt til:

Miljøverndepartementet, postboks 8013 Dep, 0030 OSLO
Skule- og kultursjefen, her